

SLETTEN



Av John Amundgaard, april 1984, «Nedlagde og/eller fråflytta bruk i Ottadalsgrend Sel grense – Rinda»

Sletten grensar mot Øvre Øygarden ved Selsgrensa, berre med noko krattskog i millom. Bruket er på 4-5 mål dyrka og noko udyrka. Det var truleg oldefar min, Ole Iversen Sletten (1797) og kona Anne Olsdtr. (1803) som fyrst slo seg ned og bygde her. Etter at etterkomarane hans reiste ut kom det folk frå Heidal og flytte inn. Det var Paal Haalaasetern (1844) og kona Rønnaug f. Øygarden. Borna deira var: Paal, Marit, Rønnaug, Hans, Mari, Iver, Ragnvald og Johan.

Hans (1881) g.m. Maria Gravåmillom (1878). Born: Paal, Pauline, Rønnaug og Harald.

Paal Sletten (1906) g.m. Ragnhild Rugsveen (1908). Dei bur nå på søre Randa. Borna deira: Margit (1936) g.m. Olaf Løkken og Ingrid (1950) g.m. Magne Biløygard, Lom.

Sletten låg opprinneleg i Søriliskogen, men kom seinare under Veggum som husmannsbruk og vart for ei tid sidan seld og tillagt garden Furuheim, g.nr. 161, b.nr. 16. Eiar nå: John Rønningen.